

Lysfest Rommetveit skule 2016

Ansvar planlegging: foreldre på 2. trinn

Ansvar gjennomføring: FAU og klassekontaktar i 2. trinn

Dato: Onsdag 7. desember 17.30-19.00

Inviterte: 1-4. trinn med foreldre/besteforeldre

Planlegging hovudkomite

5 personar. 2 FAU-repr + vara og 2 klassekontaktar.

Me hadde to planleggingsmøter i forkant, det første 10. november. Her planla me program, kva me skulle selga og fordelte oppgåver ut i komiteane. Me bestemte at me skulle ha 4 komitear, der me i komiteen var leiar for kvar våre komitear.

Etter sterkt ønske frå korpset, bestemte me oss for å starta arrangementet inne i gymsalen med korpsspel og song v. 2. trinn. Programmet for kvelden vart då delvis inne og delvis ute.

17.30 Samling i gymsalen. Velkomen v. konfransier Arne Kaldestad.

Song v. 2. trinn. Korpset spelte 3 songar

Konfransier informerte om uteaktivitetar.

18.00 Tenning av julegrana.

Salg av faklar og mat/drikke ute.

Refleksløp

18.45 Fakkeltog

Trekning av vinnarar på fakkelsalget då fakkeltoget var ferdig.

Komiteane: Program, mat, teknisk og pynte.

Tidlegare har det vore eigen ryddekomite, men me bestemte at alle foreldra er med og ryddar etterpå. Så får dei ryddeansvar av leiaren i den komiteen dei var i.

Alle foreldra stiller minst ein person.

Programkomite(4 foreldre)

- bestille skulekorps
- lage invitasjon
- planlegge program
- skaffe konfransier
- koordinere programmet for kvelden

Pyntekomite(8 foreldre)

- handle diverse
- pynting same dag som festen(tenne lykter mm)
- ansvar for salg av billetter/faklar

Matkomite(12 foreldre)

- innkjøp av mat og diverse(SPAR Haga)
- klargjøre mat og drikke til salg
- salg av mat og drikke
- ordne vekslepengar/betalingsløysing(samarbeid kasserer FAU)
- praktisk tilrettelegging

Teknisk komite(4-5 foreldre)

-koordinere lydanlegg.

-juletrelys. Setje dei opp og ta dei ned etter jul.

-brannsikkerhet, slukking av faklar

-sørge for at skjøteledningar ol er på plass

-teknisk samarbeida med ass.rektor Helge Hammersland

Handling:

SPAR Haga

300 pølser

20 kyllingpølser

320 pølsebrød

5 ketchup

2 sennep

8 kasser julebrus

20x1,5 liter lettmelk

3x1 kg sukker

6x250 gram Regia kakao

5 krem på boks

Pyntekomite

4 ruller kvite dukar

3 store pakkar serviettar

6 stk fakkellys(til påtenning av faklar)

300 pappkrus

1 pk teskeier

2 pk lodd bøker

2 ruller bossekker

Gaffateip

15 bokser pepperkaker

1 pk eingangshanskar

1 pk telys

150 faklar

Rest: Nesten halvparten av faklane og mykje av det som vart kjøpt inn til pynting. Dette ligg i kjellaren på skulen.

Erfaringar og forbetringar

Underskot: 1.500 kr

Årsak til at me i år gjekk på ein økonomisk smell:

- Det kom veldig lite folk(dårlig ver, lite interesse).
- Lite tid ute til å kjøpa mat og drikke. Inneøkta + mange aktivitetar ute(refleksløp og fakkeltog) gjorde at kjøpeøkta vart veldig kort.
- For lave prisar på pølser(20 kr) og kakao(10 kr).

- Me kunne tatt inn meir på loddsalg. Faklane fungerte som både inngangsbillett og lodd. Me solgte ikkje lodd utanom dette. Refleksløpet var og gratis.

Få folk og kort tid ute til å handla gjorde at me sto igjen med mykje mat og drikke som ikkje vart solgt. Det som ikkje kunne leverast tilbake til SPAR Haga, fekk skulen kosa seg med dagen etterpå.

Me satsa på få men fine gevinstar (totalt 5) og alle desse var sponsa. Så her var ingen utgifter.

Premiane var 3 fruktkorger, 1 konfekt og 1 gavekort på pizza. Dette var ein god måte å gjera det på. Ein slapp så lang økt ved annonsiering av vinnarar + at dei som vann fekk skikkelige premiar.

For å sikre økonomien betre kan ein ved seinare festar:

- Fakkelsalg er inngangsbillett.
- Loddsalg utanom.
- Få gevinstar og alle gevinstar sponsa.
- Kakao med krem var populært. Men her kan evt 2. klasseforeldra ha med kakaoen på termos. Evt kan ein gjere som på sommarfesten at dei som kjem har med den maten og drikka dei vil sjølv. Dette vil og forenkla komitearbeidet mykje. Det gir mulighet til å satsa på aktivitetar for barna (som for eks refleksløp og fakkeltog)
- Dersom ein vel å fortsetja med salg av pølser/kakao/brus/gløgg så må ein sørge for at folk får god tid til å kjøpe mat/drikke + at dei har tid til å kose seg med maten....
- Kombinasjon inne-ute arrangement gjekk fint. Mykje program. Populære ting mot slutten (refleksløp/fakkeltog)

førte til at folk koste seg og ingen gjekk før arrangementet var slutt.

- Viktig med konfransier og viktig å gjere ein god innsats for å få ro rundt økta inne i gymsalen i respekt for skulekorps og 2. trinn som skal synga. Me kunne skrive noko om dette i invitasjonane. Greit at for eksempel foreldre sit saman med ungane sine inne i gymsalen.
- Planlegging av arrangement må starta cirka ein måned før.
- Arrangementet kan godt vurderast flyttast til litt tidligare på hausten og. Travelt i desember og interessa rundt lysfest har vore lav i fleire år, så her kan ein godt gjera ei vurdering på nytt.

Det er eit restlager av faklar(cirka 50 stk) og diverse lys og anna til pyntekomite. Dette ligg i kjellaren på skulen. Dette kan og gi grunnlag for betra overskot neste år.